

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Bergen HF

**DATO:** 23.10.2017

**SAKSHANDSAMAR:** Helge Bergmann

**SAKA GJELD:** **Innkjøpsavtale til bygningsmessige innvendige arbeid på BUS 2**

**STYRESAK:** **109/18 A**

**STYREMØTE:** **31.10.2018**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Bergen godkjenner at det vert inngått kontrakt knytt til bygningsmessige innvendige arbeid på Barne- og ungdomssjukehuset trinn 2 i tråd med saksframlegget.

## Oppsummering

Styret i Helse Bergen godkjente i sak 46/18 A eit fullmaktsregime i utbyggingssaker. Dei nye retningslinjene set krav til styrebehandling for kontraktar av ein viss storleik, før kontrakt vert signert.

Barne- og ungdomssjukehuset har vore inne i realiseringsfasen i lengre tid, og fleire av entreprisane er ferdigforhandla. Entreprisen som det blir vist til i denne saka (Entreprisen K202, bygningsmessige arbeid innvendig) er den første kontrakten som går over terskelverdien på 300 mill sidan dei nye rutineane vart vedtekne.

Samla sett er dei kontraktane som no er underteikna innanfor avsett budsjett. Pr. oktober 2018 er i underkant av 70 prosent av entreprisane målt i kroneverdi kontrahert.

Dei første tilboda på entreprisen K202 var vesentleg høgare enn avsett budsjett. Prosjektleiinga gjekk i forhandling med dei aktuelle aktørane med sikte på å redusere kostnadene. Resultatet av denne prosessen var at endeleg pristilbod vart redusert med om lag 50 mill kroner. K202 er den første entreprisen som overstig budsjettet.

## Fakta

Styret i Helse Bergen godkjente i sak 46/18 A eit fullmaktsregime i utbyggingssaker. Dei nye retningslinjene set krav til styrebehandling for kontraktar av ein viss storleik før kontrakt vert signert. I vedtaket heiter det:

1. I gjennomføringsfasen av utbyggingssjett skal alle kontraktar over NOK 300 millionar leggast fram for styret for godkjenning før kontrakt blir signert.
2. Styret skal ved oppstart av gjennomføringsfasen for det enkelte prosjekt, ta konkret stilling til om den overordna fullmaktsgrensa skal bli sett lågare enn NOK 300 millionar, og gjennom vedtak i det enkelte prosjekt fastsette endeleg fullmaktsgrense for administrerande direktør.
3. Avdelingssjef på Prosjektkontoret kan ikkje bli gitt fullmakt som overstig NOK 50 millionar.
4. Ved oppstart av gjennomføringsfasen skal styret ta konkret stilling til entrepris- og kontraktstrategi og få førelagt plan for løpande rapportering til styret.
5. For det enkelte utbyggingssjett må det avklarast med Helse Vest RHF korleis rapportering undervegs og sluttrapportering skal vera til eigar.

K202 er det første anbodet som har ein verdi som overstig terskelverdien som utløyser styrebehandling. I vedlegg 2 «BUS 2 – K202 – tildelingsbeslutning» kan ein sjå prosessen knytt til denne entreprisen.

Konklusjonen etter forhandling er at kontrakten går til LAB Entreprenør AS. Samla kontraktsum er ca. 339 mill (eks mva) kroner, dette er ca. 40 mill kroner over det kalkulerte budsjettet for denne entreprisen.

Kontraktane til BUS er inngått med eit fastpristillegg. Det betyr at vi kjenner sluttsummen for dei ulike entreprisane, dei skal følgjeleg ikkje justerast for framtidig løns- og prisstigning.

Barne- og ungdomssjukehuset trinn 2 har hatt anbod ute i marknaden i overkant av eit par år. Pr. oktober 2018 er i underkant av 70 prosent av entreprisane målt i kroneverdi kontrahert, dette inkluderer K202. Sjå vedlegg 1, med tabell over dei ulike entreprisane.

Når så stor del av entreprisene er ferdigforhandla innanfor budsjett, og desse kontraktane i tillegg er fastpriskontraktar, er mykje av usikkerheita/risikoen i prosjektet redusert.

### **Konklusjon**

Styret i Helse Bergen godkjenner at det vert inngått kontrakt knytt til bygningsmessige innvendige arbeid på Barne- og ungdomssjukehuset trinn 2 i tråd med saksframlegget.

### Vedlegg

1. Oversikt over dei ulike entreprisane
2. BUS 2 – K202 - tildelingsbeslutning

## Vedlegg 1 Oversikt over status på dei ulike entreprisane

<b>HELSE BERGEN HF - BUS 2</b>	Avsluttet
	Kontrahert
	Forhandlinger pågår
	Tildelt men ikkje kontrahert
	Konkurranse utlyst
	Anbudsgrunnlag ferdig/under utarbeidelse

Entreprisenr	Entreprisenavn	Status
K200	Rivingsarbeider	Avluttet: Kostnad under budsjett
K201	Byggentreprise- Grunnarb. råbygg og tetthusarbeider	Kontrahert Pågående: Kontrakspris under budsjett
K202	Bygningsmessige arbeider innvendig	Forhandlinger avsluttet /m forbehold. Tilbud over budsjett
K203	Solcelleanlegg	Anbudsgrunnlag under utarbeidelse. Klart november 2018
K204	Prefabrikerte bygningskonstr. OP-stuer m.m.	Anbudsgrunnlag ferdig: Sendes ut etter at konsekvenser på grunn av Gyn er avklart
K205	Løst inventar	Utlysning 2021
K206	Fasademøbel	Anbudsgrunnlag ferdig: Sendes ut etter at konsekvenser på grunn av Gyn er avklart
K207	Ledig	
K208	Skilting	Utlysning 2021
K301	Røranlegg innvendig	kontrahert Chr. M. Vestrheim: På budsjett
K302	Luftbehandlingsanlegg	Kontrahert GK inneklime: Under budsjett
K303	Ledig	
K401	Elektro- og teleinstallasjoner	Kontrahert Magnus M. Thunestvedt: Under budsjett
K402	BKK Trafo- strømforsyningsanlegg	
K501	Automatikk- og alarmanlegg	Anbudsgrunnlag under utarbeidelse: Klart desember 2018
K502	Bilde- og AV-systemer	
K504	Nettverksutstyr (HVIKT)	
K505	Nødstrømsautomasjon	
K601	Heiser	Kontrahert Tyssenkrup: På budsjett
K602	Transportanlegg	
K603	Avfalls- og tøysuganlegg	Kontrahert Marimatic OY: På budsjett
K604	Reingjøringsmaskiner - sengevask	Kontrahert Webwer : På budsjett
K605	Instrumentvask direkte	
K606	Rørpostanlegg	
K607	MTU (medisinteknisk utstyr)	

## Vedlegg 2 BUS 2 – K202 – tildelingsbeslutning